



Toget med kurs for Brekketoppen

Regnveret stoppa då det skulle og det vart ein fin start på den store dagen også i Uskedalen.



Maria Malmsten dirigerer i kyrkja

Det starta med tre kraftige saluttar oppe i dalen, som Sigmund Myklebust hadde ansvaret for. Dei fekk glasrutene



til å klirra heilt ute på Neset!



Heldigvis var det slutt på regnveret då toget gjekk

Gudstenesta i kyrkja opna som den plar gjera med ei kvarterlang bolk ved Røysterrett for alle. Koret marsjerte inn til bruremarsj frå Seljord og ut til bruremarsj frå Østerdalen og dei song 'Fagert er landet', ein færøysk song, 'No livnar det i lundar' og 'Ja vi elsker'.



Femteklassingane blir introdusert av Tove Lill Lakselv.

Ved bautasteinen etterpå var sjølv sagt også opplegget det vanlege, med skulemusikken og lesing av Olaf Agnar Gausvik sitt dikt ved femteklassingane som Tove Lill Lakselv introduserte.



[OK å spela fotball i bunad, tykkjer Veslemøy Haugland.](#)

Toget gjekk dette året til Kleivadalen før det returnerte til skulen for leikar og bevertning. Oppslutnaden var ikkje spesielt stor i kyrkja, men den tok seg kraftig opp etterkvart





Over 60 kilo graut hadde Karin Tungesvik kokt. og grauten gjekk unna!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen